

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - B40	17/465

Saknr	Utval	Type	Dato
037/2017	Formannskapet	PS	19.04.2017
014/2017	Kommunestyret	PS	04.05.2017

### Søknad om å etablere "De utrolige årene" som barnehageprogram i Masfjorden kommune

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med oppvekstplanen etablerer Masfjorden kommune «De utrolige årene» som barnehageprogram i kommunen. Prosjektet er kalkulert til å komme på kr. 150.000, og denne meirkostnaden vert dekket av midlar frå «barnehagefondet», balansepost 2.5100.201.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn/ Fakta

I handlingsplanen til kommunedelplan for oppvekst, vedteken i kommunestyret 19.02.2015 som sak 12/2015, står det under tiltak i pkt. 2: Tilbod om foreldrekurs, t.d «De utrolige åra» frå 0 år.

Rådmannen har undersøkt korleis ein skal gå fram for å komme med på programmet «De utrolige årene», heretter nedkorta til DUÅ. Programmet blir styrt frå Universitetet i Tromsø. «DUÅ» er eit program som fyrst og fremst er rekna på dei tilsette i skule og barnehage. Det er også eit delprogram som handlar om forelderrolla, men det blir tilrådd at vi begynner med skule- og barnehageprogrammet. Me har av fleire grunnar i fyrste omgang avgrensa det til å gjelda barnehagen. På grunn av praktiske tilhøve blir det to barnehagar, Indre Masfjorden og Sandnes, som blir med i denne runden. I tillegg blir PPT med. Nordbygda barnehage vil søkja om å få starta opp hausten 2018.

Målet med dette programmet er å styrke dei tilsette sin kompetanse når det gjeld å førebygga og handtera åtferdsvanskar i skule og barnehage, styrka samarbeidet mellom heim og skule/barnehage og å bli betre på å motivera barn til å læra. Dei tilsette får øving i å bruka positive strategiar på ein god måte for å få og halda på barns oppmerksomhet og slik skapa meir ro. Barnehage- og skuleprogrammet er eit førebyggingsprogram som rettar seg mot barn i alderen 3-8 år. Dersom me kjem med, vil det føra med seg at alle tilsette i barnehagen må få felles opplæring.

DUÅ kviler på fire forskningsbaserte kunnskapssøyler:

- kunnskap om barns utvikling
- kunnskap om relasjonar og til knytning
- kunnskap om korleis me lærer
- kunnskap o gruppedynamikk

Alle tilsette i barnehagane fekk ei 3-timars opplæring i programmet på planleggingsdagen 3. februar. Når søknaden om å få bli med er godkjend av Universitetet i Tromsø, kan opplæringa begynna. Fyrst skal dei to styrarane og ein tilsett frå PPT på ei 3-dagars opplæring i programmet. Det skjer i Bergen i juni i år. Dei tre som får denne opplæringa, vil få ansvaret for å læra opp dei tilsette i barnehagane. Alle tilsette i dei to barnehagane skal få 6 heile kursdagar til opplæring i løpet av barnehageåret. Den fyrste dagen er 16. august. 4 av planleggingsdagane barnehageåret 2017-18 går med til å skulera personalet i dei to barnehagane. I tillegg er det meininga å bruka to laurdagar, ein før og ein etter jul.

## Vurdering

Både oppvekstleiar og styrarane har innhenta opplysningar om programmet frå nokre av dei kommunane og barnehagane i Nordhordland som er med i programmet. Hovudintrykket er at dei merkar stor skilnad på barns åtferd etter at dei er komne i gang med programmet i praksis. Dei merkar òg at det er ein styrke at heile personaket har fått same opplæring og kan hendtera borna på same måten.

Sjølve skuleringa av to styrarar og ein tilsett i PPT er gratis for kommunen. Helsedirektoratet finansierer programmet gjennom regionale kunnskapssenter for barn og unge. (RKBU)

Kostnadene for kommunen vil bli:

Dei to styrarane vil i to år ha 30 % av stillinga si knytt til «DUÅ». Det vil seia at dei må ha vikar for den tida dei skulle ha arbeidd i avdeling. Også representanten for PPT vil bruka like mykje av si stilling på DUÅ.

Dei to laurdagane personalet må bruka til skulering, må godtgjerast etter tariff.

2 * 30 % stilling i to år =	kr 200000,-
Laurdagstillegg: kr 50 * 7,5 * 20 * 2=	kr 15000,-
Betaling for to ekstra dagar: 200* 7,5 * 20 * 2=	kr 60000,-
Overtid: 100 % på to laurdagar=	kr 60000,-
Reisegodtgjersle m.m.=	kr 10000,-
Utgifter i alt =	kr 345000,-
Statlege kompetansemidlar 2017=	kr 25000,-
Statlege kompetansemidlar 2018=	kr 25000,-
Netto utgift for kommunen over to år=	kr 295000,-

Ramma for barnehagar må aukast med kr 150000,- for 2018 brutto, men finansiert med fond.

## Konklusjon

Rådmannen vurderer det slik at «De utrolige årene» vil vera eit godt eigna program for barnehagane i åra framover. Det vil vera i samsvar med tanken om «tidleg innsats» i barnehagen. Når ein er komen godt i gang med programmet i barnehagane, kan ein gå vidare med det i skulen, slik at ein får god samanheng i arbeidet mellom barnehage og skule.

## Formannskapet - 037/2017

### FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

**I samsvar med oppvekstplanen etablerer Masfjorden kommune «De utolige årene» som barnehageprogram i kommunen. Prosjektet er kalkulert til å komme på kr. 150.000, og denne meirkostnaden vert dekkja av midlar frå «barnehagefondet», balansepost 2.5100.201.**

**Kommunestyret - 014/2017**

**KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

**I samsvar med oppvekstplanen etablerer Masfjorden kommune «De utrolige årene» som barnehageprogram i kommunen. Prosjektet er kalkulert til å komme på kr. 150.000, og denne meirkostnaden vert dekkja av midlar frå «barnehagefondet», balansepost 2.5100.201.**